



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 30.04.2018
Vår ref.: 2014/23741-14
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad

Vi viser til retningsliner for ferjeavløysingsordninga fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet 22.02.2016, revidert 10.11.2017.

Øyane Lerøy og Bjelkarøy samt Klokkarvik ligg i Sund kommune, mens Hjellestad ligg i Bergen kommune. Ferjesambandet Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad hadde i 2017 ein ÅDT på 32. Frå Hjellestad til Lerøy er det 6 260 meter, mens frå Lerøy til Klokkarvik er det 1 250 meter. Sambandet bind først og fremst øyane til fastlandet, men er også eit samband mellom Sund og Ytrebygda i Bergen. Ferja tek totalt om lag 35 minuttar. Det er om lag 50 busette på dei to øyane, og i underkant av 100 hytter.

I 2010 vart det utarbeidd eit planprogram for områderegulering med konsekvensutgreiing for fastlandssamband for Lerøy og Bjelkarøy for parsellen mellom Bjelkarøy i Sund og Ytrebygda i Bergen. Planprogrammet utgreidde 6 ulike trasealternativ. Planprogrammet vart vedteke i kommunane Bergen og Sund i 2012. Kommunedelplanarbeidet vart ikkje vidareført grunna m.a. at prosjektet ikkje vart prioritert grunna manglande finansiering. Framdrifta i det vidare planarbeidet er uavklart.

Det ligg føre godkjend reguleringsplan frå 2005 for delparsellen mellom Lerøy og Bjelkarøy i Sund kommune.



Det kan vere eit potensiale for auka innbyggjartal i eksisterande bygningar og nye bygg innanfor godkjende byggeområde på dei to øyane. Trafikkmengda er i planprogrammet likevel vurdert til å vere liten vil vera liten i dimensjonerande år, ÅDT lik 100-300 kjt/døgn, og det er venta små mengder store køyretøy.

For begge delparsellane er det lagt til grunn vegstandard Samleveg i spreidd busetnad (Sa1) med dimensjonerande fart satt til 50 km/t. med breidd 6 m inkl. vegskuldrar.

Vi vil be om at blir rekna ut ferjealøysingsmidlar for følgjande to moglege trasear, alternativ 1 Dagline med bevegeleg bru til Hjellevstad, og alternativ 4 tunell under sjø (kort) til Hjellevstadvegen. For begge alternativa inkludert ny veg mellom Bjelkarøy og Lerøy.

For alternativ 1, dagline, er det lagt til grunn følgjande:

Vegtype/vegelement	Lengde i meter	Brutype / tal på tunnellopp**
Veg i dagen	2 090 mm	1
Veg på sjøfylling		

Bru	490 m	Klaffebru, klaff 10-15 meter
Tunnel (landtunnel)		
Undersjøisk tunnel		
Sum ny veg	2 580 m	

For alternativ 4, tunnel, er det lagt til grunn følgjande:

Vegtype/vegelement	Lengde i meter	Brutype / tal på tunnellopp**
Veg i dagen	150 m	
Veg på sjøfylling		
Bru		
Tunnel (landtunnel)		
Undersjøisk tunnel	2 550 m	2
Sum ny veg		

Veg mellom Bjelkarøy og Lerøy kjem i tillegg for begge alternativa. Tiltaket er planlagt med delvis sjøfylling med ei bru på om lag 15 meter mellom Storebukken og Lillebukken. I tillegg er det planlagt ein 180 meter lang bru over Bukkasundet mellom Storebukken og Bjelkarøy.

Vegtype/vegelement	Lengde i meter	Brutype / tal på tunnellopp**
Veg i dagen	3 220 m	
Veg på sjøfylling	200 m	
Bru	195 m	
Tunnel (landtunnel)		
Undersjøisk tunnel		
Sum ny veg		

For spørsmål kan de ta kontakt med Matti Torgersen, tlf 922 24 656, epost matti.torgersen@hfk.no.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest
Sund kommune
Bergen kommune